

Steinen levert, muren snart klår

02.05.2012



Steinen som Tor Ove Haugland (biletet) har venta på er sikra og det betyr truleg at Uskedalens finaste mur vil vera fullført i slutten av neste veke. Muren blir bygd av svære blokkar som kjem frå Randøy i Boknafjorden men framdrifta har vore noko hemma av leveranseproblem sidan det vart starta i fjor sommar. Ikkje berre transportdistansen på opptil 10 timar har laga problem, også mistydingar har vore i biletet.

Muren er ikkje like høg på heile strekningen mellom fylkesvegen og KV (tidlegare AFA) men lengda er i alle fall rundt 110 meter og lengst nede får han ein liten knekk oppover..

Foto: Ola Matti Mathisen